

Bli med og set verdsrekord!



Onsdag kan du bli verdsrekordhaldar om du tek turen til Kyrkjeflaten. Os orienteringsklubb deltek i eit internasjonalt verdsrekordforsøk. – Det krevst ikkje mykje, lovar leiaren.

Av: [Andris Hamre](#) Tirsdag, mai 10, 2016 - 13:42

Os orienteringsklubb starta i desember 2014 og har markert seg som eit aktivt lag i Osbygda.

Onsdag inviterer dei skular, barnehagar og andre osingar til å vera med å forsøke å setta ny verdsrekord. Verdsrekordforsøket er eit internasjonalt forsøk der orienteringsklubbar over heile verda skal freiste å få med over 250 000 deltakarar på same dag.

– Vi har sendt ut invitasjon til alle skulane og barnehagane i Os. Diverre kom nok den litt seint ut for vi har vore så opptatt med andre arrangement, så førebels er det berre Hegglandsdalen skule som har meldt at dei kjem med 70 elevar.

– Om det er andre skular, eller ein gymlærer, som finn ut at dei har lyst på ein utetime onsdag, så er det berre å koma. Aller helst med ein telefon på førehand, slik at vi veit vi har kapasitet og at ikkje alle kjem på same tid, seier Tommy Sævareid, leiar i Os orienteringsklubb.

Verdsrekordforsøket går føre seg på og rundt Kyrkjeflaten, kor det blir kjegleorientering, skulpturorientering og brikkeløp.

– I tillegg set vi i morgon ut to eindagspostar i stople-jakta. Registerer du desse innan søndag på

turorientering.no, så er det med på verdsrekordforsøket, fortel Sævareid.

Startar tur-o-gruppe

Ikkje berre har orienteringsklubben lyst til å setta verdsrekord, men dei nyttar òg dagen for å starte eit nytt tilbod.

– I morgon startar vi ei eiga gruppe for turorientering. Tanken er å ta seg ein tur i månaden, men det kan også bli oftare om interessa og behovet er der.

– Vi startar i morgon med ein tur klokka 18 og ein klokka 19 med utgangspunkt frå Kyrkjeflaten. Der er det berre å møte opp om ein har lyst til å vera med. Då vil ein få ei innføring i turorientering og ei lita opplæring i korleis lesa kartet.

– Har ein lyst til å gå turorienteringa på eigenhand, eller ei av dei andre orienteringsformene vi skipar til i morgon, så er det berre å stikka innom mellom klokka 10 og 20. Det er inga krav til utstyr, form eller forkunnskap, avsluttar Tommy Sævareid.